



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 07.08.2017  
Vår ref.: 2016/5067-15  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.: 15/3983 - 17/1511

## Fråsegn - Kommuneplanen sin samfunnsdel - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 2.6.2017 med offentlig ettersyn av kommuneplanen si samfunnsdel for Lindås kommune.

Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Grunna sommarferie har vi ikkje fått vurdert planen ut i frå alle våre ansvarsområder. Vi vil difor ettersende fråsegn for dei tema vi her ikkje har vurdert.

### Vurdering og innspel

Kommuneplanen si samfunnsdel er etter Hordaland fylkeskommune si meining ein god og gjennomarbeida plan. Den har ei god struktur og syner tydeleg korleis måla og strategiane skal bli følgt opp gjennom kommuneplanen si arealdel eller andre planar og tiltak. Nærmare 100 strategiar er likevel mykje, og kommunen bør vurdere å redusere omfanget og spisse strategiane enno meir. Det ser ut til at det er gjennomført gode prosessar, og det er spanande og interessant med nye medverknadsmetodar. Tal på innspel tyder på at kommunen har lukkast godt med å skape engasjement omkring prosessen med kommuneplanen. Dette vil vere gunstig i oppfølginga av planen.

I regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 «Utviklingsplan for Hordaland», er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vere berekraftig, attraktivt og nyskapande. For å oppnå dette er det gitt fire hovudmål:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det er positivt å merke seg at samfunnsplanen til Lindås i vesentleg grad følgjer desse måla gjennom å ha fokus på næringsutvikling, klima og miljø, folkehelse og regionsenterutvikling. Vi vil spesielt framheve at kommunen fremjar samfunnsdelen som ei folkehelseplan. Dersom ein skal nå visjonen om fleire gode leveår for alle, er det viktig at folkehelsearbeidet gjennomsyrrer heile samfunnsplanlegginga. Fleire av strategiane i samfunnsdelen er i tråd med regional plan for folkehelse i Hordaland.

Det er nyttig at kommunen har utarbeidd eit utfordringsnotat som grunnlag for prosessen med samfunnsdelen, og det er positivt at Lindås kommune tek med utviklingstrekk frå kommunenaboar som dei skal slå seg saman med. Dette viser at kommunen tek sitt ansvar som regionsenterkommune på alvor. Vi saknar likevel meir detaljert omtale av nokre utviklingstrekk, slik som:

- nedbygging av matjord, naturmiljø og kulturminne
- historisk bustadbygging, lokalisering og type bustad

- utslepp av klimagassar og lokal luftforureining
- del av befolkninga som er utsett for støy

Desse punkta bør bli følgt opp i samband med arealdelen.

### Klima og energi

Gjennom Paris-avtalen som tredde i kraft 4. november 2016 har verdas land blitt samde om at det ikkje skal bli meir enn 2 grader varmare (togradersmålet). Landa skal prøve å avgrense temperaturlinjen til 1,5 grader. For Norge inneber avtalen juridisk bindande forpliktingar om klimatilpassing og om klimagassreduksjon. I Hordaland er det gjennom «Klimaplan for Hordaland 2014-2030» vedtatt mål om utsleppskutt som er på nivå med dei nasjonale målsettingane. Klimaplanen for har vidare mål om energieffektivisering og at samfunnet må tilpasse seg endringane som kjem. Det er gledeleg at klima og miljø er tydeleg vektlagt i samfunnsdelen til Lindås kommune.

Transportsektoren er den største kjelda for CO2-utslepp i Noreg i dag (31 %). Klimaplan for Hordaland har som mål å redusere Hordaland sine klimagassutslepp frå vegtrafikken med 50 % innan 2030. Det er positivt at samfunnsdelen er tydeleg på at fortetting og eit kompakt utbyggingsmønster vil redusere transportbehovet. Dette er heilt grunnleggande for å nå mål om reduserte utslepp frå transportsektoren.

Det er vidare positivt at kommunen legg føringar i planen for å redusere energibruken i eigen organisasjon og at kommunalt tilsette skal kunne reise miljøvenleg.

Sjølv om målsettingane for utsleppsreduksjonar skulle bli oppnådd, vil klimaet likevel endre seg. Dette vil gi utfordringar for samfunnsutvikling og planlegging. Det er naudsynt å sette fokus på tilpassing til dei endringane som kjem. Det er difor positivt at kommunen er så tydeleg på at ein skal sikre både eksisterande og nye bustadområde mot konsekvensar av klimaendringar, og at vurdering av risiko- og sårbarheit skal leggast til grunn for kommuneplanens arealdel.

### Areal og transport

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet vart vedteken av Fylkestinget i Hordaland i juni 2017. Denne planen legg rammer for utbyggingsmønsteret i framtida og må bli lagt til grunn ved rullering av kommuneplanen si arealdel. Hovudmålet med den regionale planen er sikre at Bergensområdet er ei berekraftig og konkurransedyktig region. Samordna planlegging og eit klimavenleg utbyggingsmønster skal legge til rette for at transportveksten skjer i tråd med nullvekstmålet og at regional grønnstruktur vert bevart. For å nå desse måla er det definert regionale vekstsoner der hovuddelen av framtidig vekst bør skje. Området omkring Knarvik er ei slik vekstsona. Dette inneber at veksten i Lindås kommune og den nye storkommunen bør kome i Knarvik og det nære omlandet. Kommunen bør gjennom sitt arbeid med arealdelen finne ei hensiktsmessig utstrekning av den regionale vekstsona. I tillegg bør kommunane vurdere den lokale senterstrukturen som ledd i eit berekraftig utbyggingsmønster.

På denne bakgrunn ser Hordaland fylkeskommune det som positivt at Lindås kommune i samfunnsdelens tema 5 har mål om ei samfunnsutvikling som er berekraftig og tilpassa klimaendringane og at det vert slått fast at hovuddelen av utbygging bør kome i regionsenter og nærsenter. Samstundes som kommunen er oppteken av utvikling av sentrumsnære områder, kjem det og fram at det er ønskjeleg med busetting og utvikling i heile kommunen, også i mindre sentrale områder. Dette kjem tydeleg fram i strategi nr 31 som seier at ein skal leggje til rette for spreidd busetnad i eksisterande buområde og mindre bustadfelt. Den regionale planen opnar opp for utvikling også på bygdene, og fylkestinget vedtok at denne utviklinga også kan skje som spreidd utbygging. Den regionale planen slår likevel fast at hovuddelen av vekst skal kome som fortetting. Dette må bli følgt opp med tydelege prioriteringar i kommuneplanens arealdel.

For å finne den rette balansen i utbyggingsmønsteret et det sentralt å ha oversikt over arealreserven i kommunen, og kor stort potensialet er for fortetting innanfor dagens utbyggingszone. Ei slik oversikt bør bli

utarbeidd som grunnlag for kommuneplanens arealdel og vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag når ein skal skissere framtidige behov for utbyggingsareal.

Under tema 3, attraktive nærmiljø trekker kommunen fram viktige moment med å tilby varierte bustadtyper for å dekke behovet i alle samfunns- og aldersgrupper. Her må ein ta utgangspunkt i den bustadprofilen kommunen har allereie i dag og satse på den type bustader det er mangel på. Generelt i Bergensområdet er det stor overvekt av einebustader og mangel på mindre bustader og leilegheiter. Bustadplanlegging bør vere basert på prognoser for utvikling i befolkning og hushaldssamansetting slik at framtidig behov er definert på bustadtype. Dette er eit analysegrunnlag som bør liggje til grunn for arbeidet med arealdelen.

### Senterutvikling

Det er positivt at kommunen er ambisiøs i utviklinga av regionsenteret og ser sitt ansvar i å tilby tenester i heile regionen. Dette er i tråd med regional plan for attraktive senter og det vil også leggje eit godt grunnlag for samanslåingsprosessen med andre Nordhordlandskommunar.

Det er også positivt at kommunen vil vere attraktiv for kompetansearbeidsplassar. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet har retningslinjer for lokalisering av næringsareal og arbeidsplassar. Kommunen kunne i samfunnsdelen med fordel vore tydelegare på at Knarvik er eit satsingsområde for kontor- og arbeidsplassintensiv næringsverksemd.

### Nærmiljø

Både Regional plan for attraktive senter og Regional areal- og transport for Bergensområdet er det vektlagt attraktive senter og bustadområder. I dette er det lagt vekt på å legge til rette for gode møteplassar og uterom, og trygg ferdsel spesielt i senterområder og til skuler. Det er svært gledeleg at desse momenta er tydeleg framheva i strategiane i tema 3 Attraktive nærmiljø.

### Samferdsel

I utfordringsnotatet tek kommunen opp korleis kommunen kan jobbe vidare med å legge samordna areal- og transportplanlegging til grunn for utbyggingspolitikken i kommunen. Kommunen vedkjenn at det er utfordrande å redusere bilbruken. Eit hovudprinsipp er å fortette langs eksisterande kollektivaksar, og senterområda i kommunen (Knarvik, Ostereide og Lindås) skal utnyttas høgare enn dei som ligg område som ligg meir spreidd. Dette er positivt og i tråd med nasjonale og regionale føringar.

I kommuneplanens samfunnsdel er Knarvik peika som eit viktig knutepunkt og regionsenter for alle kommunane i Nordhordland, og ein trinnsvis transformasjon skal gjere staden om ein by. Det er viktig at kommunen tek grep og samlar viktige funksjonar, tenester og busetting i Knarvik. Samstundes er det utfordrande å transformere ein stad med mykje gjennomgangstrafikk og høg bilbruk til ein by med dei kvalitetane som gjer det attraktivt for folk å ferdist i. Det er ei målsetting i regionale planar at veksten i persontransporten skal tas med kollektiv, sykkel og gange. Dette er eit krevjande arbeid, og handlar ikkje berre om infrastruktur og tilrettelegging av areal, men og om endring av reisevaner og haldningar. Det er i dag få som sykklar og går i Knarvik, og i arbeidet vidare må fokus vere retta på korleis reisevanane kan endrast. Kommunen har i dag ingen sykkelstrategi, og Hordaland fylkeskommune vil anbefale kommunen å arbeide med mobilitet generelt og spesielt rette fokus på sykkelsatsing.

I *Regional Transportplan 2018 – 2029* er ein av strategiane for transportsystemet i Bergensområdet å inngå sykkelbyavtale i regionsentra. Partane i ein sykkelbyavtale består av Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og kommunen. Gjennom ein slik avtale vert det jobba målretta med infrastruktur og endring av reisevaner gjennom informasjon, kampanjar og liknande. I sykkelbyavtalen vert det sett av både personressursar og midlar sykkelsatsing, og i tillegg er kommunar og fylkeskommunar med sykkelbyavtale prioritert i den nasjonale tilskotsordninga for auka sykkelsatsing<sup>1</sup>. Vi legg merke til at kommunen i sitt

<sup>1</sup>Stortinget vedtok i 2014 ei tilskotsordning med formål å bidra til raskare gjennomføring av tiltak som aukar

utfordringsdokument ønsker å kartlegge eksisterande sykkelbruk og få kunnskap om kva tiltak som må til for å fleire til å sykle. Dette er ein viktig start for det vidare arbeidet med å transformere Knarvik til ein attraktiv stad med gode bykvalitetar.

### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vår fråsegn er forankra i regional plan for kultur – PREMISS: KULTUR – og i nasjonal lovgjeving og politikk. Kulturminnelova sitt føremål § 1 seier mellom anna at:

*«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»*

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er viktig at kulturminne vert ein integrert del av dei overordna planane i kommunen.

Samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet og kva retning kommunen ynskjer å gå. Kulturminna i Lindås kommune er ei rik kjelde til identitet og byrgskap og vil difor vere ein viktig ressurs i dette arbeidet. Kulturminna er òg kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Lindås kommune er attraktiv for busetting og næringsetablering og difor pressa på areal, noko som kan vere utfordrande for kulturminnevernet. Kulturminna i Lindås bør og sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd. Kulturminna kan brukast konstruktivt også i arbeidet med å nå andre målsettingar slik som folkehelse, kulturarbeid og utvikling av lokal identitet.

Lindås er ein kommune i sterk vekst, noko som stiller kommunen overfor mange utfordringar i areal- og kulturpolitikken. Å finne god balanse mellom vern og utvikling er ei av desse. Kommunen nemner berekraftig utvikling, folkehelse, kulturlandskap og nærmiljø blant sentrale omgrep i planen. Kulturminne er ressursar for heilskapleg samfunns- og næringsutvikling og bør integrerast sterkt i dei satsingsområda som kommunen har valt ut i samfunnsdelen. Tufta på kunnskap om Lindås si kulturhistorie kan ei slik satsing gjere det enklare å ta vare på og foredle kulturminneverdiane på rett måte, prioritere dei i høve til kva utvikling ein ynskjer, og bruke dei til å formidle det særeigne ved kommunen. Dette er òg særleg viktig å sjå i samheng med framtidig kommunesamanslåing og kulturminneplanarbeidet.

Det er positivt at kommunen har hatt stor fokus på å motivere flest mogleg til å komme med innspel. Metodane for medverknad bør takast i bruk i arbeidet med kulturminneplanen, særleg med omsyn til å skape engasjement omkring kulturarven i kommunen.

Det er positivt at ein i samband med mål og strategiar for regionsenterutvikling og attraktive nærmiljø ønskjer å legge til rette for at det er balanse mellom natur, grøntareal og bustadbygging, og at ein vil sikre areal til natur-, kultur- og friluftsføremål i strandsone og i sjø. Areal som er viktig for rekreasjon og friluftsliv omfattar ofte viktige kulturlandskap, og arbeidet med tilrettelegging av desse bør difor verte knytt saman med arbeidet med kulturminneplan. Det bør og utarbeidast planar for skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne som ligg i nærleiken av stiar og turvegar.

Tettstadsutvikling basert på lokalhistorie og eigenart er viktig faktor for å skape livskraftige lokalsamfunn og styrke staden sin identitet. For å sikre at lokalsentra bygger opp under staden sitt særpreg bør arbeidet med kulturminneplan inkludert i dette arbeidet. Som deltakar i det fylkeskommunale prosjektet

«Kulturminnekompetanse i kommunane – KIK» skal Lindås kommune revidere kulturminneplanen sin. Lokal medverknad i høve til mellom anna registrering av kulturminne er særst viktig ledd i å få auka kulturminnekompetansen, samt få kulturminneplanen forankra lokalt og satt tema på den politiske dagsorden. For meir informasjon om KIK-prosjektet sjå <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/kulturminneplanar-i-kommunane---kik/>.

---

framkomsten for gåande og syklende.

Når det gjeld mål og strategiar for industri og næring ønskjer Lindås kommune å vere framtidsretta ved å satse på nye idear og nye verksemder som i mindre grad er oljerelaterte. Vi vil difor minne om at kulturminna er kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Lindås kommune har, som del av Bergensregionen, mykje å tene på å løfte fram og satse på kulturlandskap og kulturminne, både materielle og immaterielle, og satt i samheng med Bergen som by og omlandet elles. Riksantikvaren jobbar med eit nytt verkty for kommunane ved etablering av register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Store delar av kysten vest i Lindås er tatt med i dette prosjektet og inngår i kulturmiljø K416. Den Indre Farleia. Meir informasjon om KULA-prosjektet finn ein her:

<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse>.

I høve til mål og strategiar for kultur og frivillig arbeid minner vi om kulturminnelova sitt føremål nemnd ovanfor. Kommunen har sjølv og eit eige ansvar for å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø jf. pbl § 3-1, bokstav b. Her bør det leggst inn ein strategi for å auke innbyggjarane sin kunnskap om kulturminne. Medverknad i høve til mellom anna å involvere dei i registrering av kulturminne, kan vere med på å gje dei auka kulturminnekompetansen. Det å få mellom anna barn og unge i lokalmiljøet vere med å registrere kulturminne, kan og gje dei meir kunnskap. Det kan samstundes vere med på å knytte ulike generasjonar betre saman, då dei eldre får moglegheit til å formilde kunnskap til dei yngre. Metodar som er nyttast til registrering av barnetrakk kan og nyttast til å registrering av kulturminne i lokalsamfunnet. For meir informasjon om barnetrakk, <http://www.barnetrakk.no/>.

Når det gjeld mål og strategiar for klima og miljø viser vi til at det i høve til klimarekneskap kan lønne seg å ta vare på gamle hus. For meir informasjon om dette kan ein sjå på Riksantikvaren sine nettsider, <http://www.riksantikvaren.no/Tema/Energisparing>. Vi minner elles om fylkeskommunen si tilskotsordning til verna kulturminne i Hordaland. Her kan kommunar som har vedtatt kulturminneplan søkje. For meir informasjon om søknadsordninga sjå: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-vern-og-voling-av-verneverdige-bygg/>

I høve mål og strategiar knytt til livsmeistring og fellesskap vil vi minne om at kulturminne kan vere faktorar som påverkar folkehelse. I St. meld 19 (2014-2015) Folkehelsemeldinga, er *identitet* og *tilhørighet* peika på som kjelder til psykisk helse og trivsel. Kulturminne og attkjennande fysiske omgjevnader reflekterer kulturen gjennom m.a. identitet- og symbolverdi, og kan motverke framandgjerding som følgje av bytransformasjon og samfunnsending. Kommunen sin kulturminneplan er difor relevant å ha med som grunnlag i høve til dette arbeidet. Det er difor viktig at arbeidet med kulturminneplan vert integrert i kommuneplanens samfunnsdel, då denne dannar grunnlaget for arealdelen med føresegner, retningslinjer og omsynssoner. Vi ser fram til vidare samarbeid om kulturminneplan i Lindås. Vi viser òg til regional kulturplan, som omfattar heile kulturfeltet. Sjå nettsida <http://www.hordaland.no/Hordalandfylkeskommune/Kultur/kulturplan/>.

### Næring

Planen har gode mål og strategiar for industri og næring. Hordaland fylkeskommune finn det positivt med ei strategi om å samle og utvikle areal til arealkrevjande verksemd langs overordna vegnett i kommunen. Dette er heilt i tråd med prinsippa i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Som nemnt under senterutvikling kunne kommunen med fordel vore like tydeleg med strategiar for lokalisering av arbeidsplassintensive verksemder.

Digital infrastruktur vert å åra framover ein viktig føresetnad for utviklinga både av det private- og offentlege tenestetilbodet, og som rammevilkår for det lokale næringslivet. Breiband og fiberutbygging er difor ein faktor som må takst med i planlegginga, på lik linje som anna infrastruktur. Hordaland fylkeskommune finn det difor som svært positivt at samfunnsdelen trekk fram at digital infrastruktur inngår som ei satsing for kommunen.

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld areal- og transportplanlegging, senterutvikling, samferdsel og kulturminne. Vi ber om at desse merknadane vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen -, SAMFERDSELSAVDELINGA

Inger-Lena Gåsemyr, fylkeskonservator – KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator – KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA